



Arild Arnardo på fisketur i Uskedalen, fiskar Tore Hartvig Christensen til venstre. (Foto frå TV-programmet)

Uskedalen vart presentert nærmast som eit fiske-eldorado i sirkusliv-episoden på NRK1 onsdag kveld. Den var nummer fire av åtte episodar om ein sesong med Arnardo og handla i stor grad om transporten over fjellet.

Ferda over Haukeli var friskt skildra både frå bakken og lufta og langs fjorden var det mellom anna eit spektakulært opptak av Furebergfossen – sett ovanfrå.

Målet for dagsetappen på 360 kilometer frå Austlandet til Vestlandet var Uskedalen og staden vart relativt korrekt karakterisert av ein av aktørane som "ein bitte liten by med mange innbyggjarar som likar Cirkus Arnardo".

Arild Arnardo kom for sin del med ein positiv attest til verten Steinar Myklebust då sirkuset var vel framme på Rabben Feriesenter: - Han har laga eigen manesje til oss!

Arild er ein svært ivrig fiskar og det meste av Uskedal-innslaget var ein reportasje frå krepsefiske med fiskar Tore Hartvig Christensen og Steinar Myklebust som dei andre i båten. TV-teamet var også innom nokre sirkusaktørar som prøvde fiskelukka i elva. Innslaget frå Uskedalen hadde fine opptak av fjord og fjell - i maiskrud og finver. Ikkje dårleg turistreklame med andre ord....

Og så gjekk ferda vidare til 17.maifeiring i Ålesund som blir skildra i neste episode. Det er den tradisjonelle stoppestaden for Arnardo på nasjonaldagen. Feiringa i Uskedalen i 2006 var eit unntak som neppe kjem att..

Av Ola Matti Mathisen



Cirkus Amardo kjem til Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)